

## **RETNINGSLINJER FOR TORGLEIGE I VOSS KOMMUNE**

Retningslinjer pr. 01.01.18, erstattar vedtekter av 19.02.2004 og retningslinjer av nov-2015.

### **1. Følgjande handel kan føregå på torget:**

- Tradisjonelle torgvarer
- Lokalprodusert mat og produkt
- Produkt med lokal tilknytning
- Sesongprodukt

### **2. Plass på torget**

Torghandlar som tilfredsstillar kommunen sine vilkår for sal på torget kan bestille plass pr måned, veke eller dag. Prinsippet om «fyrstemann til mølla» gjeld.

Ein kan bestilla for maksimalt 4 mnd av gongen, dette gjeld for alle typer bestilling (dag-veke-mnd).

Plassar som ikkje er tekne i bruk innan kl 10.00 kan bli tildelt andre. Plass på torget kan berre nyttast på kvardagar, og seinast til kl.20.00. Torgplass kan leigast med eller utan straum.

### **3. Søknad og betaling**

Ein kan søkja torgplass elektronisk på [www.voss.kommune.no](http://www.voss.kommune.no) eller på mail [postmottak@voss.kommune.no](mailto:postmottak@voss.kommune.no) eller pr tlf 56 51 94 00.

Betaling pr faktura eller med Vipps.

### **4. Vilkår for sal på torget**

Dei som driv sal på torget skal syte for reinhald på plassen i salstida. Når salstida er slutt skal varer, buer, køyretøy m.m. og alt avfall vere fjerna frå plassen/torget. Dersom det ikkje vert rydda, så vil andre utføre arbeidet på torghandlar si rekning.

Dei som har fått utlevert nøkkel til straumskåp har ansvar for at skåp er låst når dei forlet plassen og at nøkkel vert innlevert til kommunen (etter stengetid kan ein leggja nøkkel i postkasse utanfor tinghuset). Dei som leiger dagar/veker må innlevere nøkkel etter kvar gong, det gjeld og dei som leiger dagar/veker i ein periode med mellomrom. Manglande innlevert nøkkel vert etterfakturert med kr 400.

Torghandlar utan løyve kan bli vist bort frå torget og vert etterfakturert.

Torghandlarane må rette seg etter dei pålegg/retningslinjer knytt til torgleige som kommunen gir. I særlege høve har Rådmannen løyve til å fråvike retningslinjene, og nytte torget til andre tilskipingar m.m.

### **5. Praktisk informasjon**

Torgplassane er oppmerkte, og torghandlar må halde seg innanfor sin tildelte plass.

Tilsendt leigebevis skal liggja synleg på tildelt plass. Kartskisse på leigebevis viser tildelt areal. Varebil skal dersom det er mogleg plasserast utanfor torget. Kommunen v/ Voss Parkering har tilsyn med torget.

### **6. Mobile salsvogner**

For sal av mat som umiddelbart kan fortærast.

Det er plass til maksimum 3 mobile salsvogner av gongen. Desse skal så langt som mogleg plasserast på faste, tiltenkte plassar. Det er ikkje høve til å ha bord og stolar for servering på torget. Eigar av salsvogn er sjølv ansvarleg for å ha nødvendig serveringsløyve, godkjenning frå Mattilsynet etc.

### **7. Leige av heile torget**

Nokre dagar i året er heile torget leigd ut til arrangement e.l. Torghandlar som har bestilt plass tidlegare og vert berørt av slikt arrangement, vil bli informert.

Torghandlar må sjølv kontakta arrangør om moglegheit for eventuelt å behalde sin plass under arrangementet.

Vedteke i Voss kommunestyre den 26.10.17 i sak 55/17.